

Til
Styret i Fjordvegen Rute 13

13.09.2021

VEDRØRANDE SYN FARING MED NYE VEIER AS.

Me mottok dykkar invitasjon 08.09 til å spela inn punkter ifbm synfaring og møte 15. og 16.09., og tenkjer det er viktig å ha fokus på fylgjande;

Liv og helse;

-Det er gjort eit stort arbeide for å kategorisere rassikrings punkter, og disse finn me rikeleg av langs Rv13. Også frå Skare til Sogndal som no er Nye Veier AS sitt mandat, og me er trygge på at prioriteringane deira kjem til å kvile godt på Nasjonal rassikringsgruppe sitt arbeide.

-Det finnes imidlertid fleire truslar for liv og helse ein lyt ta med seg;

Rv13 (og RV9) inngår i rute 4C som saman med Rv15 har høgast ulykkesrisiko av riksvegar i landet. Betydelege kødannelsar som hindrar blålysetatane å kome fram. Nødssituasjonar blant trafikkantane og køyretøya som står i kø.

Livskvalitet;

-30 dagar à 12 timar med kolonnekøyring kvar summer, 6 månadar med lysregulering og sporadiske kødannelsar også i vinterhalvåret. Julitrafikk tilsvarande 3-4000 ÅDT hindrar ferdsels mellom grendene for ungar og eldre som ikkje sjølve køyrer bil.

-Usikkerheit for innbyggjarar om hjelpa kjem fram om dei treng den. Ved brannen i Kinsarvik nokre dagar tilbake, var støtte frå Ulvik og Granvin brannkorps avgjerande. Den støtta hadde neppe vore tilgjengeleg i juli.

-Arbeidstakarar som skal gjennom, eller ut av, sona Kinsarvik-Bu for å kome seg på jobb opplever at arbeidsmiljøet surnar av at dei aldri kjem presis...eller at dei må sette av uforholdsvis mykje tid arbeidspending. Ungar vert i periodar avskorne frå fritidssysler av same grunn.

Næringsinteresser og samfunnsnytte.

-Reiselivet opplever at våre gjester som køyrer Rv13, «seier aldri igjen».

-Reiselivet opplever at potensielle investorar identifiserer infrastrukturen som største hindring.

-Reiselivet opplever at Vegvesenet skiltar, og kjem med vegmeldingar som anbefaler å køyre utanom Ullensvang og Hardanger. (For ei typisk familiebedrift i reiselivet utgjer kvar dag i juli 1,5% av årsumsetning)

-Når trafikklys og kolonnekøyring er ein ikkje reverserbar situasjon om summaren, må slik ventetid inn i samfunnsnytteberekningane. Ein ringvirkingsanalyse for reiselivet ville truleg vist tap av store verdiar.

-Kollektivtransport langs Rv13 20.06.-20.08. er ikkje påliteleg, og erstattast med privattransport i perioden.

Ullensvang Reiseliv vil prioritere rasutsatte punkter og tungtransportens behov i Oddadalen, rasutsatte parsellar Odda-Tyssedal og ved Skarvabjørg. Den strekningen Ullensvang Reiseliv meiner vil gje størst forbetring for flest er SVV sit trasealternativ Kinsarvik-Bu, med tunell bak Tveisme og daglinje på resten. Det trasevalet samanfall med kommunestyrets einstemmige uttale sendt samferdselsdepartementet. Transportanalysen me fekk gjennomført for Skare-Bu identifiserer ein trafikkauke på 40% på delar av strekningen fram mot 2050. **Vidare oppfordrar me Nye Veier AS til å starte med dei strekningane som har reguleringsplanar klar.**

Styreleiar



Lars Inge Thorset